



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi tilrår vern av Skolten som naturreservat i Gulen kommune i Vestland

Statsforvaltaren i Vestland tilrår frivillig skogvern av Skolten som naturreservat i Gulen kommune. Arealet dekkjer ein ei austvendt li mellom innsjøen Brossvikvatnet og fjellområdet Lifjellet/Brossviksåta på sørsida av Sognefjorden, nær Sognesjøen og havet i vest. Lia har god topografisk variasjon og fleire naturtyperegistreringar. Eit framtidig naturreservat her vil kunne dekkje manglar i skogvernet i Vestland med bekkekløfter, kystfuruskog og boreonemoral blandingsskog. Noko vestnorsk regnskog ligg også innanfor føreslegen vernegrense.

Verneverdiane er knytt, mellom anna, til gamal kystfuruskog med høg alder i sterk oseanisk seksjon (verdi B). I kystbekkekløfta (verdi B) i Flategilet opptre gode førekomstar av uvanlege og krevjande artar som flommose/flaumose (nær truga art). Det er også gamal lavlandsblandingsskog (verdi B) med påviste raudlista artar i det føreslegne naturreservatet. I det sørvestre hjørnet inkluderer arealet ein del av ein A-lokalitet med fattig boreonemoral regnskog. Her er den nær truga arten skoddelav funne innanfor det føreslegne verneområdet. Med fleire A- og B-lokalitetar har heile området fått tre poeng av kartleggjarane, som tilsvarar i øvre sjikt av regionalt verdifullt. Sjølv om vi ikkje har fått med alle naturtyperegistreringane frå kartlegginga vil området bidra til å oppfylle viktige manglar i skogvernet i Vestland.

Det føreslegne verneområdet er lokalisert på gards- og bruksnummer 8/1, 8/2 og 8/3 i Gulen kommune. Arealet er 1481 dekar stort, og dei tre gards- og bruksnummera har til saman fem private grunneigarar.

Heimelsgrunnlag

Skolten blir tilrådd verna i medhald av naturmangfaldlova. I lova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar i §§ 35 til 39. Generelle mål for områdevern følger av naturmangfaldlova § 33. Føremålet med det enkelte verneområdet må bli skildra konkret og bli knytt opp mot forskrifta som gjeld den enkelte vernekategori i §§ 36 og 37. Naturreservat er den strengaste forma for vern etter naturmangfaldlova.



Oppretting av Skolten som naturreservat blir vedteke av Kongen i statsråd etter naturmangfaldlova § 37 a: *Som naturreservat kan vernes områder som a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur (...) I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet. (...)*



Figur 1 Biletet syner ei bekkekløft innanfor det tilrådde verneområdet. Det er ein naturtype med jamn fuktigheit i lufta der særleg kravfulle artar trivst på bergvegger og langs vassvegen. Bekkekløfter er mangelfullt dekt i skogvernet i Vestland, og Skolten som naturreservat vil bidra til å få betre vernet av denne naturtypen. Foto: Biofokus/ Jon T. Klepsland.

Saksbehandling

Brosvikvatnet aust vart undersøkt av G. Gaarder i 2003 under den kommunale naturtypekartlegginga, samt av Klepsland i 2009 i samband med bekkekløftprosjektet i regi av dåverande Direktoratet for naturforvaltning. Sist var biologar i området i samband med prosjektet Kystfuruskog i 2015 på oppdrag frå Miljødirektoratet. Statsforvaltaren har vore på synfaring i området i lag med grunneigar.

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring	Tilråding
<i>Brosvikvatnet, seinare</i>	<i>02.04.2020</i>	<i>13.04.2021</i>	<i>31.05.2021</i>	<i>05.08.2021</i>
<i>Skolten</i>	<i>25.08.2020</i>			



I tillegg til utsending av oppstarts - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både oppstart og høyring kunngjort i Ytre Sogn og Porten, i tillegg til nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland. Det er AT Skog som har hatt dialogen med Fylkesmannen, seinare Statsforvaltaren, på vegner av grunneigarane.

Namn

Det opphavlege arbeidsnamnet i dialogen med grunneigarane var Brosvikvatnet med ein «s». På offisielle kart heiter vatnet Brossvikvatnet med to s'ar, det same med Brossviksåta og Brossvikbotn, med fleire liknande stadnamn med to s'ar i første del. Namnet på vatnet vart opphavleg lagt til grunn for skogreservatet. Fordi det er skog som er sentralt for verneplanen og ikkje verneverdiar knytt til vatn, og fordi det ikkje er større delar av liene rundt vatnet som ligg inne i det føreslegne verneområdet, vel vi å følge Språkrådet si tilråding å heller bruke namnet Skolten naturreservat. Skolten er ein markant og lett synleg fjellnakke sentralt inne i det føreslegne naturreservatet. Det er heller ingen andre naturreservat eller verna området som ber namnet Skolten frå før. Grunneigarane støttar namneendringa. Meir om dette ligg under kapittelet Merknadar til verneforslaget.

Brukarinteresser

Det er i dag beite frå storfe i det sentrale området av det føreslegne naturreservatet. Tidlegare var det også småfe, og grunneigar vurderer å starte opp att med det på sikt. Forskrifta opnar for beiting med beitedyr, samt utplassering av saltstein i samband med dyrehaldet. Forskrifta har også ei opning for å kunne halde gjerde ved like, samt for å søkje om oppsetting av nye gjerde i samband med husdyrhaldet. Det er ingen skogsbil- eller traktorveggar inn i tilbodsområdet, men ein veg delar det føreslegne naturreservatet i to delar i nord. Den nordaustlege delen av verneområdet dekkjer bekkekløfta Flategilet.

Det er ikkje registrert kulturminne i Skolten i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.

Det er fråvêr av hytter, installasjonar og anlegg i det føreslegne naturreservatet. Det er heller ikkje kraftliner eller utbygde vasskraftverk. I nord-aust er det kartlagt eit [digitalt småkraftverk](#) innanfor det føreslegne verneområdet. Det har eit potensial på 0,93 GWh/år til ein utbyggingspris på 7,04 NOK/år (2020-prisar). NVE skriv i si uttale til oppstartsmeldinga at potensialet er lite lønsamt samanlikna med andre vind- og vasskraftprosjekt som har fått konsesjon, og som ikkje har blitt utbygd.

Det føreslegne verneområdet ligg delvis innanfor ein planlagt vindkraftpark med namn Brosviksåta vindkraftverk, og er eigd av Statkraft Vind Utvikling DA. NVE skriv i si uttale under oppstart og høyring at SAE Vind DA trakk prosjektet i brev datert 27. april 2014, og vindkraftparken vil difor ikkje være i konflikt med oppretting av eit naturreservat.

Dei som nyttar det føreslegne naturreservatet mest er lokale kjentfolk. Stiane i området vert halde ved like av beitedyr, grunneigarar og jegerar, og området har ikkje registrerte stiar i offentlege kartdatabasar. Leigejegerar nyttar området kvar haust til hjortejakt, og elles er det lite anna friluftsliv. Det er i verneforskrifta opna for å brenne bål med nedfallskvist eller med medbragt ved.

Hjortestammen er ikkje større enn at vi observerte forynging av t.d. osp. Grunneigar kan halde siktelinjer opne ved å fjerne kvist og småbusk i samband med jakta, og kan setje opp mellombelse mobile jakttårn ved behov.



Arbeidet med verneplanen

Det har ikkje vore grenseendringar i løpet av den formelle verneprosessen. Etter innspel i oppstartsfasen om at området bør inkludere fleire naturtypar tok vi opp att dialogen om arronderinga med AT Skog på vegner av grunneigar. Det var ikkje aktuelt for grunneigarane i denne verneprosessen å utvide tilbodsarealet.

Namnet på verneområdet er endra frå *Brosvikvatnet naturreservat* i oppstarten til *Skolten naturreservat* i høyring og tilråding, jf. innspel frå Språkrådet.

Vi har ikkje endra på vernereglane i forskrifta i løpet av den formelle verneprosessen.

Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Vi kan ikkje sjå at det er store utgifter knytt til tiltak ved vern av området. Vi har ikkje registrert at det er framande artar innanfor arealet.

Det vil vere eit ordinært oppsyn i området i regi av Statens naturoppsyn (SNO). Forvaltningsstyresmakta må sørge for tilgjengelege ressursar for administrasjon av området, til dømes ved handsaming av dispensasjonssaker og oppfølging av naturoppsynet.

Merknader til verneforslaget

Oppstart og høyringsbrev for verneområdet er sendt til relevante sentrale og lokale partar, sjå adresseliste bak i dette brevet. I tillegg til utsending av oppstart - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både oppstart og høyring presentert på nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland, og kunngjort i papiravisa Ytre Sogn og i den digitale nyhendeplattformen Porten.

Oppstart vart meldt 13. april 2021 med frist 9. mai, og høyringa vart lagt ut den 31. mai 2021 med frist 1. august. Det kom inn totalt 16 innspel til verneforslaget. Ingen av desse har vore kritiske til vern.

Landbruksdirektoratet har, i brev datert den 04. mai 2021, nokre generelle innspel. Dei ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva landbruksinteresser det er i området. Dei går også ut i frå at landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv at dei ikkje kjenner til konflikhtar mellom oppretting av verneområdet og interesser knytt til energi og vassdrag med eksisterande og planlagde energi- og nettanlegg, vasskraftverk, hydrologiske målestasjonar eller liknande. NVE gjer oss merksame på at BKK Nett AS har områdekonsesjon i området og bad BKK Nett AS bli inkludert på høyringslista. NVE ønskjer at selskapet uttalar seg sjølv om det eventuelt ikkje er konflikhtar i saka. NVE gjer oss merksame på at det er kartlagt eit digitalt småkraftverk nord-aust i det føreslegne verneområdet og ber Statsforvaltaren gjere grunneigaren merksam på dette. Dei skriv at småkraftverket har potensial



som er lite lønsamt. NVE gjer oss også merksame på at det tidlegare har vore planlagt ein vindkraftpark innanfor det føreslegne verneområdet, men at prosjektet er trekt.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

BKK Nett AS vart ført opp som høyringspart, men vi har ikkje høyrte i frå dette selskapet. Dei var også kopimottakarar i brevet frå NVE til oss, og vi reknar med at dei ville nytta høyringsperioden til å komme med ei uttale om dei ville tilføre verneprosessen meir informasjon. Meir utfyllande fakta om vindkraftparken og småkraftverket er omtalt under overskrifta Brukarinteresser i denne tilrådinga. Grunneigar for det kartlagde digitale småkraftverket fekk høyringsdokumentet med informasjon om potensialet for kraftutbygging. Skogvern er også ein måte å sjå potensial og lønsemd i bratte og vanskeleg tilgjengelege område.

Språkrådet sendte innspel til oss i oppstartsfasen. Vi har også hatt kontakt på telefon. Språkrådet syner til sentralt stadnamnregister (SSR) der det primære gardsnamnet *Brossvika* er lagt til grunn som godkjent og tilrådd namneform. Dersom vatnet blir lagt til grunn for skogreservatet vert det tilrådd namnet *Brossvikvatnet naturreservat*. Språkrådet foreslo eit alternativt og fullgodt namn på verneområdet; *Skolten naturreservat*. I SSR er Skolten godkjent i eineform. På telefon sa sakshandsamar i Språkrådet at Skolten naturreservat kunne vere meir dekkjande på verneområdet, då det ikkje er eit vatn som er foreslått verna, men ei skogkledd li. Då er Skolten mest sentral i området med sin markante og lett synlege fjellnakke.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi er einige med Språkrådet om at det føreslegne verneområdet ikkje primært dreier seg om eit vatn, men om ei terrestrisk eining. Dersom arealet hadde omfamna større delar av terrenget rundt vatnet, hadde kanskje namnet *Brossvikvatnet* vore eigna, men lia dekkjer berre ein mindre del. Vi endra namn på det føreslegne verneområdet til *Skolten naturreservat* i høyringa, jf. innspelet frå Språkrådet.

Direktoratet for mineralforvaltning kom med innspel i oppstarten og i høyringa om at dei ikkje kan sjå at det føreslegne verneområdet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Dei har såleis ingen merknadar til det verneframlegget.

Bård Sandemose skriv den 13. mai 2021 at det er gledeleg å sjå at det er verneprosessar på gang i området, og at han nyleg har flytta tilbake til nærområdet rundt *Brossvikvatnet*. Han foreslår at større område på sikt bør bli inkludert til vern, som til dømes ei myrlendt skogvidde med runde bergknattar og mykje furu mellom *Brossvikvatnet* og *Sognesjøen*, der det er for ulendt til at det er attraktivt å hente ut tømmer derifrå i dag.

Kommentar frå Statsforvaltaren:


Vi ser at området rundt *Brossvikvatnet* og ut mot *Sognesjøen* har fleire registrerte naturtypar og artar, og at det kan vere biologisk mangfald som ikkje er registrert tidlegare. Stortinget har som mål å verne 10 % av skogen i landet, og ønskjer å få fleire tilbod om frivillig skogvern som særleg inkluderer vestnorsk regnskog, bekkekløfter og edellauvskog. Lågtliggjande område og/eller skog med høg bonitet er også interessant å vurdere for vern.

Arnor Gullanger sendte inn den 9. mai i år eit lengre notat med kart og bilete. Tilleggskommentar til uttala er også sendt i e-post den 18. mai. I notatet skriv han at det er ønskeleg med meir utfyllande informasjon om naturverdiane ved *Brossvikvatnet* i saksutgreiinga som følgjer den formelle verneprosessen. Statsforvaltaren bør gjere disse ulike naturtyperegistreringane, den biologiske




rapporten til Klepsland og raudlisteregistreringane lettare tilgjengeleg (med lenkjer) for folk som vil lese meir om dette.

Gullanger gjer oss merksame på at det er fleire lokalitetar utanfor det føreslegne verneområdet som har høge naturverdiar og viktige raudlista artar. Kartet under, som var vedlagt notatet frå Gullanger, syner fram ulikskapen mellom det som Biofokus tilrår som verneverdig (raud strek) og grensene for verneområdet som Statsforvaltaren jobbar med (lilla strek). Dei grønskraverte felta er naturtyperegistreringar.



Arnor Gullanger etterlyser ei betre arrondering der eit framtidig verneområde burde ha inkludert naturtyperegistreringane Brossvika (Slettheia nord), Brossvika (Storefjellet), Steinebrekka, Skolten og heile Brosvikvatnet sør (med Tjørndalsgjelet). I sistnemnte naturtyperegistrering går det føreslegne verneområdet litt inn i lokaliteten, slik at ein del registreringar av skoddelav kjem innanfor vernegrensa. Vedlagt notatet låg også eit tilsvarande kart med raudlisteartar som syner kva som har hamna innanfor og utanfor dagens arrondering av det føreslegne naturreservatet.



Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi set pris på tilbakemeldingar der det vert etterspurt meir informasjon. Vi prøvar å finne ei balanse mellom det å greie ut tilstrekkeleg og det å halde ei verneplan kort nok slik at den blir lest. Dersom vi skulle ha inkludert omtale av kvar enkelt naturtyperegistrering og kvar enkelt raudlisteart langs Brossvikvatnet ville det teke mykje plass i saksutgreiinga. Vi har difor, slik som i tilsvarende frivillig skogvernsakene, laga eit samandrag av den offentleg tilgjengelege biologiske kunnskapen. Som Arnor Gullanger skriv, så er det mykje tilgjengeleg kunnskap i ulike databasar. Dei vi nyttar mest er Narin-basen til Biofokus, Naturbase, artskart og fylkesatlas. Statsforvaltaren vurderte all denne tilgjengelege kunnskapen då vi vurderte å takke ja til arealet som grunneigarane via AT Skog tilbydde til vern. Når vi ser at raudlisteartar er registrert og at naturtypar, bonitet, arrondering, grad av inngrep, med meir, tilfredsstillt vårt oppdrag frå Klima og miljødepartementet, går vi vidare i dialogen. Vi har lenkjer til fleire databasar på våre temaside om frivillig skogvern, samt på sidene våre om naturmangfald. Vi la ut lenkje til desse i nettsaka til høyringa av Skolten naturreservat, men har tidlegare sjeldan opplevd at det blir etterspurt.

Vi er einige med Arnor Gullanger at det er viktige naturtyperegistreringar og viktige raudlisteartar som er funne utanfor det føreslegne verneområdet. Vi har hatt gode drøftingar med grunneigarane og AT Skog om kvar grensene skal gå. Vi tok endå ei runde om grensene etter innspelet frå Gullanger. Sidan dette er ei ordning der grunneigar frivillig tilbyr skog til vern er det heilt avgjerande at det nettopp er grunneigar som har det avgjerande ordet, og dei er tilfreds med grensene slik dei var i oppstartsmeldinga. Statsforvaltaren har formidla kunnskapen om naturverdiane til dei det



gjeld, og signalisert at vi er interessert i å ha dialog dersom grunneigarar frivillig, på eit seinare tidspunkt, skulle ønskje å utvide vernearealet.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane, på vegner av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Fjordane Friluftsråd, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Norsk Ornitologisk Forening avd. Sogn og Fjordane, støtter framlegget til vern av Skolten som er utsendt frå Statsforvaltaren. FNF skriv at vern av skog kan vere eit godt verkemiddel for å sikre biologisk mangfald og ønskjer at vern med tilhøyrande verneforskrift velkomen. FNF viser til evalueringsrapporten frå NINA i 2016 om norsk skogvern, der det blir peikt på at Vestland ligg bak landsgjennomsnittet i areal som er verna. Særleg er det manglar på skogvern under 300 moh, bekkekløfter og regnskog i fylket, jf. rapporten. FNF håpar Statsforvaltaren i større grad prioriterer disse tilrådingane frå rapporten i arbeidet med vern av skog i fylket.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

I verneprosessen på Skolten i Gulen ligg grovt rekna meir enn 90 % av området under 300 høgdemeter. Området inkluderer ei verdifull bekkekløft og delar av nasjonalt verdifull regnskog. I så måte meiner vi at dette området har høg oppfylling av manglar i skogvernet i fylket. Vi har hatt nær dialog og signalisert til grunneigarane at staten er interessert i større delar av arealet med naturtyperegistreringane, sjå elles våre kommentarar til innspelet frå Arnor Gullanger.

Norsk Bergindustri skriv i høyringsfasen at det er svært viktig at ei verneforskrift tek omsyn til framtidige mogelege geologiske drivverdige førekomstar. Dei vil at §§ 4, 6-8 tek omsyn til utvinning og tilkomst til eit eventuelt utvinningsområde.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at mineralutvinning med tilkomst ikkje er i tråd med verneføremålet eller i samsvar med verneforskrifta, og vil ikkje tilrå dette i eit naturreservat som Skolten.

Norsk organisasjon for terrengsykling (NOTS) sendte inn innspel til oppstartsfasen. Det kom over fristen for oppstartsfasen og høyringa var allereie sendt ut, og vi har inkludert det som eit generelt innspel i prosessen. NOTS skriv at det ikkje er markert stiar i vernekartet, noko dei reknar med er årsaka til formuleringa i § 5.2 i forskrifta om at bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding er forbode.

NOTS skriv at området truleg ikkje er attraktivt for stisykling, men vil likevel kommentere den generelle utforminga av verneplanen. Dei refererer til stortingsmeldinga om friluftsliv frå 2016 og dei generelle politiske føringane om at det ikkje bør være avgrensingar på sykling i verna område. Dei poengterer at det generelt er urimeleg å avgrense aktivitetar som terrengsykling i etablerte stiar og trasear. NOTS ønskjer at § 5.2 i verneforskrifta vert endra til *Bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding er forbode utanom stiar og veger angitt på vernekartet*.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Det tilrådde verneområdet på Skolten har ingen stiar avmerkt i offisielle kartdatabasar og heller ikkje på vernekartet. Det er berre enkle spor eller trakk brukt av beitedyr og gardbrukar som skal halde tilsyn med dyra sine, eller av hjortedyr og dei få jegerane som nyttar området. Det meste av området er lett tilgjengeleg når ein først er komme inn i arealet, og det har såleis ikkje danna seg faste eller veletablerte stiar fordi ein går litt på kryss og tvers. Når det ikkje finst etablerte stiar og trasear i den tydinga NOTS meiner, er det heller ikkje juridisk grunnlag for oss å opne for sykling. Det er heller ikkje ein særleg attraktiv stad å sykle, og grunneigarane vi har vore i kontakt med har ikkje sett spor eller interesse til sykling i terrenget tidlegare.



Gulen kommune, Statnett, Havforskningsinstituttet og Forsvarsbygg har ingen vesentleg merknader.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etablering av Skolten naturreservat i Sogndal kommune vil sikre naturmangfaldet i dette området mot fysiske inngrep, jf. naturmangfaldlova § 8. Det har særskilt positiv betydning for artsmangfaldet her, ettersom fysiske arealinngrep er dokumentert å vere det største trugsmålet mot naturmangfald både globalt og lokalt i Norge.

Ivaretaking og vidare naturleg utvikling av naturmangfaldet i naturreservata vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyreartar utanfor reservatgrensene, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. Om lag åtte km i luftlinje i nordvest over Sognesjøen ligg edellauvskogsreservatet Mjåta og om lag åtte km i sørvest ligg den nyleg verna fattig, boreonemorale regnskogen Stemnebøskogen. Skolten vil også kunne fungere i eit nettverk med Krakksfjellet naturreservat i Solund, med gamal skog i sterk oseanisk vegetasjonsseksjon på Sognekysten.

Med bakgrunn i at vernet berre vil gje positive effektar på naturmangfaldet, vel vi å ikkje vurdere §§ 8-12 nærare (jf. rettleiar om naturmangfaldlova kap. II 2016).

Statsforvaltaren si tilråding

Statsforvaltaren i Vestland tilrår oppretting av naturreservatet Skolten i Gulen kommune. Vernekart og verneforskrift ligg ved.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Solveig Kalvø Roald
fung. seksjonsleiar naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vernekart Skolten_tilråding
- 2 Forskrift om vern av Skolten naturreservat_Gulen_Vestland_tilråding



Kopi til:

Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Severin Myrbakken			
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Bård Sandemose			
Statnett			
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Magnar Brosvik	Lihaugen 14	5960	Dalsøyra
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Det norske skogselskap			
Arnor Gullanger			
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Knut Håvard Brosvik	Dingevegen 289	5966	Eivindvik



Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
YTRE SOGN TURLAG	c/o Marit Gjersvoll Sognevegen 4295	5961	BREKKE
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavs plass	0130	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Forum for natur og friluftsliv			
BKK NETT AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Anna Bygstad Vie	Dingevegen 339	5966	Eivindvik
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Sabima	Mariboegs gate 8	0183	OSLO
NOTS Vernegruppe			
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
AT SKOG SA AVD SOGNDAL			
AT Skog	Røystrandsvegen 19	5736	GRANVIN